



Handlingsprogram 2024/2025:

Ovanfor kommunen -

- **Samhandling og samarbeid med Sunnfjord kommune**

SKR har signert ein samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune. Det er viktig å følge opp denne avtalen, og at SKR er i dialog med kommunen også på politisk nivå. SKR er etablert som høyringsorgan, og gjev uttale i aktuelle saker. Denne avtalen skal evaluerast og reviderast.

- **Plan for kultur, frivilligheit og inkludering**

SKR har gitt høyringssvar i denne prosessen. Planen skal snart handsamast av formannskap og kommunestyre. Viktig at styret følger denne saka til den er vedteken av kommunestyret.

- **Økonomiplanen for Sunnfjord kommune 2025 - 2036**

I løpet av hausten 2024 skal økonomiplanen for kommunen dei neste 12 åra handsamast. Det er særst viktig at Sunnfjord kulturråd gjev ei grundig uttale og jobbar direkte mot aktuelle utval og politikarar i denne prosessen.

- **Gratis leige for frivillige lag og organisasjonar - «Kultur for alle» :**

Frå utkast til Plan for kultur, frivilligheit og inkludering: «Vi vil også foreslå, og greie ut, gratis eller kostpris på utleige av lokale til alle frivillig organisasjonar med aktivitetstilbod». SKR meiner det bør utgreiast gratis leige av kommunale bygg til frivillige lag og organisasjonar. Dette er lagt fram i høyringsinnspel, i møte med utval og munnleg med kommunalsjef. Styret bør jobba vidare med dette, gjerne i samarbeid med Sunnfjord idrettsråd.

- **Korleis gje tomme kommunale bygg nytt liv**

Kommunen bør greie ut om det er fordelaktig å selje enkelte eigedommar som er, eller kan, nyttast til kultur. Døme på dette er Heimyrkeskulen på Vassenden og Gamlebanken i Førde. Frivilligheita kan stille sterkare i søknadsprosess for gåvemidlar, stiftingar og anna. «Jølstrahuset» er i gong med spennande planar der dette kan vere aktuelt. Dette vil også redusere kommunen sine kostnadar knytt til drift og vedlikehold av eldre, i stor grad ubrukt, bygningsmasse. Det er viktig at ev. stifting, lag eller organisasjon som ev. overtek eigedom, har ressursar og ein solid organisasjon som kan forvalte bygget forsvarleg over ein lengre tidsperiode.



Andre saker:

- **Vestland kulturråd**

Vestland kulturråd er no skipa. Årsmøtet må ta stilling til medlemskap.

- **Jølstrahuset - Heimyreskulen**

Prosjektet v/ Kari Eikås, Astrid Wittersø og Janne Karin Støylen, er løyvd 250.000 frå Kulturdirektoratet til eit forprosjekt. Dei har bede om administrativ støtte frå SKR i starten av forprosjektet, til dei har på plass styre-/arbeidsgruppe og prosjektleiar. Det er planlagt å etablere ei stifting for Jølstrahuset. Foreløpig går økonomien i prosjektet via Sunnfjord kulturråd. Så snart eigen organisasjon er på plass overfører SKR avsette midlar til stiftinga (sjå budsjett).

- **Sommarkulturskule**

Initiativ frå Sunnfjord kunstlag. Sommarkulturskule for born og unge.

Styret stiller seg positive til denne aktiviteten og sette ned ei arbeidsgruppe for 2024. Vi har vore i møte med Sunnfjord kulturskule og med Johan Bengtsson v/ Førdehuset.

Tidsramma vart dessverre for knapp for å rekke 2024. Ei arbeidsgruppe må etablerast tidleg og ein bør søke midlar 1. sept (seinast 1. mars) for å få eit godt prosjekt i gong. Styret bør jobbe mot å gjennomføre dette i 2025.